


BOKN BYGDABLAD

NR. 3 - APRIL 1996 - ÅRG. 11

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

ALTERNATIVT OMSORGSTILBOD FOR BARN OG UNGE PÅ TORLAND



Slik ser gardshuset på Torland ut i dag med fasade mot sør

INFORMASJONSMØTE

På eit informasjonsmøte for rådmann, berørte etatsleiarar og ordførar i Bokn midt i mars månad orienterte Ove Alvestad og Dag Monsen om at det er planar om å setja i gong ein mindre barnevernsinstitusjon på garden Torland i Bokn så snart som muleg etter sommarferien i år. Gardshuset vil få eit mindre tilbygg dersom alt går etter planane.

Initiativtakarane vil gjerne sjølv orientera boknarane om kva planar dei har:

KVA SKJER PÅ TORLAND?

Mange har nok høyrte snakk om at det kan koma til å skje noko nytt på garden Torland på Vestre Bokn, så nå synes me tida er inne til å gå ut med litt informasjon. Kven «me» er?

Ove Alvestad, gardeigar og barnevernкурator, innfødd boknar, førskulelærer med vidareutdanning i barnevern.

Elin Thorsen, oppvaksen i Haugesund (+ litt i Sveio og Karmøy), barnevernкурator med
framh. s. 2

TORLAND...

framh. frå s. 1:

tidlegare fotografutdanning, blir utdanna sosionom i 1997.

Dag Monsen, Florø-væring, yrkeserfaring frå Arbeidsformidlinga og som miljøarbeidar i ungdomsinstitusjon, blir utdanna sosionom i 1997.

KVA VIL ME PÅ TORLAND?

Me planlegg å oppretta ein stiftelse som har som mål å skapa eit alternativt omsorgstilbod for unge i Rogaland. Kvifor? Me har alle tre arbeidd med ungdom som har hatt behov for hjelp frå barnevernet. Me veit at i vårt eige fylke manglar det omsorgstilbod for unge mellom 12 og 18 år som ikkje kan bu heime hos familien sin. Mange av desse ungdomane kan ikkje bu i fosterheim, og dei må difor bu andre stader i landet, langt borte frå familien sin. Me meiner at Bokn kommune og garden Torland er ein god stad å veksa opp på, og me har lyst å skapa eit bufellesskap for 4 unge på garden. Me vil vera 5 faste vaksne som deler på å ha ansvaret for ungdomane.

Jan Sollid, for tida lærar på Bokn skule, vil vera fjerdemann. Kven som skal fylla den femte stillinga er ennå ikkje avklart.

Det er mange ting som skal klaffa framover, og me er framleis berre på planleggingsstadiet. Går alt som me


ynskjer, kjem me til å ta imot ungdomar frå september i år.

Korleis vil dette bli? Jo, me tenkjer oss at dette skal bli mest muleg likt ein «vanleg» familie med 4 tenåringar i huset, berre at det vil vera 5 vaksne som deler på å ha ansvar i staden for eit foreldrepar. Ungdomane kjem til å gå på Bokn skule eller vidaregåande skular, så sant dei ikkje treng noko som er spesielt tilrettelagt. (Då vil me måtta skapa noko på garden eller i samarbeid med andre her i nærleiken). Elles er det ynskjet vårt at ungdomane på fritida vil vera saman med andre unge her i kommunen. Me håpar at me skal kunna tilby andre unge her på Bokn nye fritidsaktivitetar som t.d. seiling, og at me skal få fylgja opp våre unge gjennom f.eks. å vera vakter på diskoteket og liknande oppgåver som andre foreldre har.

Me ynskjer oss eit godt samarbeid med alle i kommunen, og me skal strekkja oss for å få dette til å bli bra for alle partar. Nå står det att for oss å få ein del ting avklart, m.a. i forhold til Fylkesbarnevernet. Me vil koma med meir informasjon i Bokn Bygdablad så snart me veit korleis dette utviklar seg. I mellomtida er alle velkomne til å venda seg direkte til Ove Alvestad dersom det er noko ein lurar på. Me reknar med at det vil bli ein del spørsmål til desse planane - og me håpar at det er me som får svara på dei.

'FREDSBUDET' VED KAI I FØRESVIK

TIDLEGARE RUTEBÅT BERGEN - ØYGARDEN



Frå den 12. - 17. mars har Pinsebevegelsen sin båt «Fredsbudet» lege ved kai i Føresvik som eit ledd i møtesesongen våren 1996. Dei har hatt møte kvar kveld. Denne forma for møteverksemd rundt i landet har Pinsebevegelsen drive i snart 40 år. Når det gjeld båten «Fredsbudet» starta denne seilinga i 1980. Dei deler året opp i tre sesongar: vår/sommar/haust. Så og seia heile landet få besøk. Det er Heimemisjonen i Filadelfia i Oslo som driv dette opplegget som vert finansiert av innsamla midlar. Hovudsaka med det er vanleg forkynnararbeid.

Skipper og styrar Arne Stavang frå Åkrehamn seier til bygdabladet at båten tidlegare gjekk i fast rutefart mellom Bergen og Øygarden. Denne båten har Pinsebevegelsen hatt frå 1980.

Det er sitjeplass til 115 personar i møtelokalet, men det har vore 150 innom. Her i Bokn har det auka med folk kvar kveld. «Fredsbudet» ligg ei veke på kvar stad. Årleg er det frå 5 - 7.000 personar som er innom.

Tidlegare år låg dei mest på dei stadene der det var fiske.

Elles er det Indre sjømannsmisjonen med «Elieser6» som driv liknande verksemd.

På «Fredsbudet» er det eit mannskap på 6 personar. Båten er på 220 bruttotonn og ca 35 meter lang. Etter Bokn drog båten vidare inn i Ryfylkefjordane.

BOKN BYGDESEMINAR

Torsdag 21 d.m. ble det avholdt bygdeseminar i Bokn. Seminaret var et forsøk på å samle gode krefter i Bokn og ellers i regionen for å kunne utvikle levende prosesser for utvikling av bygdene. Våre bygder er utsatt for strukturelle endringer, noe som setter krav til oss selv for å kunne bevare og skape bygder som gir et sunt og godt oppvekstmiljø som vil være i stand til å beholde ungdommen. Bygdeutvikling er derfor et arbeid som vedgår de fleste og der de fleste kan bidra med sine tanker, ideer, innsats og ikke minst som støtte.

Seminaret hadde samlet folk fra Bokn, Etne, Ølen, Tysvær og Vindafjord. I tillegg møtte folk fra Landbruksavdelingen i Fylket og fra Landbrukshøgskolen på Ås. Det er viktig at vi lærer av hverandre og kan utveksle ideer og erfaringer fra andre steder. Bygdeutviklingsprosesser er startet i flere kommuner og flere vil følge etter. I vår region er flere og flere opptatt av dette arbeidet som en har tro på vil kunne føre til positive utviklinger for bygdene.

Landbruksavdelingen i Fylket fremhever at regionalt samarbeid eller nettverksarbeid vil være viktig i det videre utviklingsarbeidet. Bokn er i så henseende en foregangskommune i det en her har valgt hele kommunen som utgangspunkt og er de første til å invitere til interkommunalt samarbeid.

Landbrukshøgskolen har nylig etablert et Bygdeutviklingssenter som vil stå sentralt i det nasjonale arbeidet samt drive forskning innen denne arbeidsformen. Bokn kommune med sitt engasjement i hele kommunen og som initiativtaker til interkommunalt samarbeid vil kunne stå sentralt i arbeidet til Landbrukshøgskolen. Det innebærer at Landbrukshøgskolen vil kunne bistå med studenter, velge Bokn som et av flere forskingsområder. Bokn kan således stå sentralt i den nasjonale utviklingen av bygdeutviklingsarbeidet, noe som vil gi kommunen og dens innbyggere store muligheter til bred og faglig riktig støtte til å utvikle et fremtidig godt samfunn.

Bygdeutviklingsarbeidet arbeider med å legge forhold tilrette for flere etablerere, skape flere miljøer for nye ideer som gir en bedre fremtid, skape miljøer som har tro på egne krefter og kunne løfte i flokk, skape miljøer som sammen liker å se ting skje samt skape positive holdninger til felles utvikling. Det innebærer at alle kan delta - hver på sin måte.

Bokn Bygdeutvikling ønsker gjerne at flere fra Bokn deltar. Pr i dag deltar 28 personer og det er plass til flere. Ta gjerne kontakt med : Leif Vatnaland, Sigmund Alvestad, Ingjerd Thuestad, Jorid Veia, Åse Bratthammer, næringskonsulent eller landbrukskonsulent.

TØFFARE TIDER FOR BOKN HANDELSLAG

nettoomsetnad på 11.758.000 i 1995

OMSETNADSAUKE, MEN NEDGANG I

DRIFTSINNTEKTER

Årsmeldinga til Bokn Handelslag som vart framlagd for årsmøtet den 27.mars viste at sjølv om omsetnaden i 1995 hadde auka med 4,51% eller 508.000 kroner, var det ein nedgang i driftsinntekta. Dette skuldast svekka bruttoforteneste grunna betydeleg auka tilbodsaktivitet «samt tøffare aktivitet i marknaden» for å sitera årsmeldinga. Det var også ein betydeleg auke i driftsutgiftene p.g.a. mellom anna auka straumutgifter og høgare utgifter i meir pågåande marknadsføring. Moderne store fryse- og kjølediskar krev betydeleg meir straum.

KJØPEUTBYTTE NED

Det vart vedtatt å garantera for eit kjøpeutbytte på 3% for 1996 (+2% for Statoil), mot 5% i 1995.

ØLSAL

Leiv Våga ba om ordet under behandlinga av årsmeldinga, og beklaga at det var søkt om ølsal over disk. Han meinte at styret burde tatt omsyn til årsmøtefleirtalet sin uttale i 1994 som beklaga at handelslaget hadde søkt om ølsal.

GÅVE

Anne Marie Bokneberg fekk lovord og takk for godt utført arbeid i alle dei åra ho har arbeidd ved Bokn Handelslag.

STORDRIFTSFORDELER

Marknadssjef Svein Fanebust frå NKL orienterte om framtidsvyer innan Samvirkeorganisasjonen. Han sa at dei nå framover måtte satsa på å gå saman for å få ned driftsutgiftene, då desse i dag er for høge. Elles driv organisasjonen aktivt for å koma på marknaden med andre varehus enn berre mat, som t.d. møblar, byggvarer, m.v. Han meinte elles at det nå sto ein ny giv for døra når det gjeld butikktypen S-lag med reklamekampanjer og tilbodskampanjer utover våren. Birger Lindanger meinte at revisjonsutvalet måtte aktiviserast for å sjå nærare på om det er noko å gjera slik at driftsutgiftene kan reduserast.

OPTIMISME

Ein kan vel ikkje konkludera annleis enn at det er optimisme når det gjeld framtida på tross av auka krav til effektiv drift. Bokn Handelslag har ein moderne butikk med det nytt utstyr når det gjeld kjøle- og frysediskar, har fullautomatisert scanningsystem i kassane, og data baserte medlemskort som registrerer kjøpeutbyttet automatisk i kassen. Det synes som at boknarane foretar det meste av daglegvarekjøpa i nær butikkane, og vil fortsetja med dette. Den første større oppgåva for Bokn Handelslag vil bli å arbeida vidare med planane for nye bensinpumper på ein meir lagleg stad.

ANNE JORUNN SJURSETH NY LEIAR LEIAR I ROGALAND UNGDOMSLAG

Anne Jorunn Sjurseth som er lærar i Bokn er vald til ny leiar i Rogaland Ungdomslag. Ho avløyste Anne Marie Nerby som har hatt vervet i fire år.

Årsmøtet i Rogaland Ungdomslag vart avhalde i Sand.

Det er 22 lokallag i Rogaland, men ikkje i Bokn. Her har ungdomslaget nå vore nedlagd heilt frå første del av 1980 talet.

APROPOS RATTSSØ-INNSTILLINGA: AP vil ha mer til kommunene

-Det er greit med endringer i inntektssystemet for kommunene bare ingen kommer dårligere ut enn i dag-.

Denne konklusjonen fikk Arbeiderpartiets leder Thorbjørn Jagland da partiets eget Rattsøutvalg avga innstilling nylig. Konklusjonen blir etter alt å dømme partiets offisielle politikk etter landsstyremøtet 18. april.

Striden som har pågått innen AP om forslagene i Rattsø-utvalgets innstilling, ser dermed ut til å være ute av verden i denne omgang. Jagland sier at det er rom for økonomisk vekst i kommunesektoren neste år.

Dersom AP-utvalgets forslag skal legges til grunn for kommuneøkonomien, må bevilgningene til kommunesektoren økes med 500 millioner kroner i 1997 i forhold til i år.

(Stavanger Aftenblad)

STØRST PROSENTVIS FOLKEAUKE I KVITSØY OG RENNESØY AV ROGALANDSKOMMUNANE BOKN HADDE OGSÅ EIN MINDRE AUKE I 1995

I Rogaland fylke gjekk folketalet opp med 2.521 eller 0,72 % i 1995. Rogaland har nå 356.968 innbyggjarar, og er det 4. folkerikaste fylket i Norge. Dei kommunane som hadde prosentvis størst auke i folketalet var Kvitsøy med 3.88% eller med 20 personar til 535 innbyggjarar, og Rennesøy som gjekk opp med 3,03% eller 82 personar til 2.792.

I Bokn gjekk folketalet opp med 1,04% eller 8 til 780. Størst nedgang i folketalet hadde Vindafjord med 1,22% eller 59 personar til 4.850. Tysvær hadde ein oppgang med 1,65% eller 134 til 8.267. Av dei 4 folkerikaste kommunane i fylket har Sandnes størst folkeauke i 1995. Deretter kjem Stavanger, Haugesund og Karmøy. Folketalet i dei 4 største kommunane i fylket er nå slik:

Stavanger:104.322 - Sandnes: 49.253 - Karmøy: 35.812 - Haugesund: 29.250



ORIENTERING OM SPØRJEUNDERSØKING AV PSYKISKE LIDINGAR I BOKN KOMMUNE

I veke 16 vil kvar husstand i Bokn få tilsendt eit spørjeskjema kor me ynskjer å kartleggja behovet for hjelp til å takla psykiske problem/livskriser.

I Bokn kjenner me for lite til behovet for dette, og me ynskjer difor at de brukar nokre minutt til å svara på dette spørjeskjemaet.

Svara er anonyme, slik at ingen kan attkjennast eller identifiserast. Undersøkinga vil berre bli brukt i ei kartlegging av behovet for psykiske tenester i kommunen.

Ut frå resultatata av spørjeundersøkinga vil me utarbeida ein plan for korleis tilbodet skal leggjast til rette for å dekkja behovet.

Det er difor sær s viktig at alle husstandar svarar på det skjemaet dei får tilsendt.

Gunn Grønnestad
pleie- og omsorgssjef

Laila Nemeth
Avd. sjukepleiar

«SJID OG LORT»

Ei småbarnsmor har ringt til bygdabladet og bede om å gjera hundeeigarar merksame på at det er uhygienisk og ekkelt at det ligg så mykje hundelort langs vegar, fortau og stiar. Det er greit nok med hund, men hundeeigarane kan ta med seg ein plastpose og ta opp det hunden legg etter seg på stader ein går med småbarn, slik at mindre ungar slepp å få det på sko og klær. Dette meiner innringaren som vil vera anonym. Andre har nemnt at me må minna om at det er bandtvang heile året i Bokn kommune.



KONFIRMANTAR I BOKN KYRKJE 28.04.96 KL.11.00:

Almås, Oddbjørn Øvrebø
Alvestad, Irene
Bryningsland, Bjørnar
Faye, Anne Margrethe
Grønnestad, Anne Regine
Hognaland, Eilin
Jensen, Kjartan
Lie, Bjørg Synnøve
Thuestad, Bjørn
Våga, Sigleif
Våge, Ingvild
Ytreland, Janne Elisabeth

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORS DAG : kl.10.00 - 13.30

LESETIPS FOR APRIL


BARN/UNGDOM

Nyhus, Svein
Drømmemaskinen

Lystrup, Geir
Brakar og Joanna

Bing, Jon
Piken som ble borte

Solli, Åse Gyrid
Tidsmysteriet



VAKSNE

Rygg, Pernille
Sommerfugleffekten

Småge, Kim
En kjernesunn død

Le Carre, John
Vårt eget spill

George, Elizabeth
Mørkets gjerninger

Biblioteket er stengt tirsdag 16.04.96

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING FYLKESMØNSTRINGA

9. og 10. mars gjekk fylkesmønstringa i Ungdommens kulturmønstring (UKM) av stabelen på Bryne. Bokn kommune var representert med 11 deltakarar: Marie Frøiland, Marie Vatnaland, Alexander Vila, Camilla Holm Birkeland, Kristina Faye og Sindre Nygaard framførte Marie Frøiland sin song *Strandå*. Kjartan Jensen og Synnøve Frøiland optrådte med Kjartan Jensen sin song *Savner deg*. Bianca Alvestad og Daghild Grønnestad presenterte sin versjon av *Maybe* og Geir Helge Christiansen spelte låten *Hotel California*. Sistnemde var også representert med biletet *Brølet*.

Fylkesmønstringa i UKM, som har 10-års jubileum neste år, blei for første gong arrangert på Bryne, og Bokn-gjengen fekk då også merka at erfaringa i å arrangera dette ikkje var heilt på topp frå arrangøren si side. Men heldigvis gjekk ikkje rot med inkvartering, måltider, kurstilbod og utstilling av maleriet til Geir Helge ut over konsentrasjonen på scenen, for den var svært god!

Både me som stod bak kulissane på scenen og dei boknarane som var blant publikum var vitne til ei fantastisk imponerande forestilling frå deltakarane frå Bokn! For 400 stk. i salen hadde alle tilsynelatande den store, naturlege roen som må til for å opptre for ein så stor forsamling. Og ikkje nok med det:

enkelte av innslaga hadde aldri før vore gjort betre!

Kvaliteten på alle innslaga var merkbar mykje betre enn på den kommunale mønstringa i januar, og det er nettopp denne framgangen både i sceneoppførsel og i musikalitet som er det viktigaste med UKM - i tillegg til at deltakarane treff nye vener med same interesse og har det gøy! Den kommunale juryen sine konstruktive kommentarar frå januar har vore utgangspunkt for ganske intensiv jobbing med innslaga i vinter.

Størst framgang har nok dei yngste representantane våre hatt med gruppa som dei kallar for *SVAMP*. Med tanke på at enkelte gruppe-medlemmer stod på bar bakke for nokre månader sidan, var prestasjonen på Bryne heilt utruleg!

Ein stor takk til Magny Frøiland og Lene Jensen for glimrande leiing dei to dagane! Også takk til Robert Frøiland og Kjell Frode Lie - som også var sjåfør - for god hjelp under opphaldet! Til slutt ein takk til alle som har hjelpt til med UKM 1995/96!

- kulturleiaren -



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 96/97

På grunn av usikkerhet omkring den økonomiske situasjonen og lærarkrefter til hausten, går det i skrivande stund ikkje an å garantera at dei forskjellige aktivitetane som er lista opp nedunder blir sette i gong.

Interessa for ulike aktivitetar går i bølgedalar, og derfor vil du denne gong finna namn på aktivitetar som ikkje har vore i gong på nokre år.

Underteikna får ofte høyra av boknarar at det og det skulle ha vore tilbake i musikkskulen, for dei har høyrd at interessa er til stades. **Det som er viktig i denne samanheng er at dei interesserte melder i frå om dette når me skal planleggja eit nytt skuleår - altså no!** Grunnen til dette er sjølvsagt vanskaner med å leggja inn nye aktivitetar etter at timeplanen er lagt.

Viss du finn noko på lista som er av interessere, melder du deg på dette. Antall interesserte avgjer om aktivitetane kan setjast i gong. Dette gjeld sjølvsagt grupper som t.d. kor, leikarring og drama.

Du kan melda di interesse blant desse aktivitetane (du kan sjølvsagt velja fleire enn ein):

- *ASPIRANT TIL MUSIKKORPSET*
- *GITAR*

- *KEYBOARD*
- *DRAMA*
- *KOR*
- *LEIKARRING*
- *PIANO*
- *POP-GRUPPE*
- *SOLOSONG*
- *TVERRFLØYTE*

- *ASPIRANT TIL MUSIKKORPSET*
Korpsa i kommunen har som kjent slått seg saman, og ein aspirant, enten det er på messing, trommer eller drill, kan også vera ein vaksen. Men det er ofte naturleg å tenkja på ein elev som går i 2., 3. eller 4. klasse. **Ein 2.-klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.**

I og med at musikkorpset ikkje har noko aldersgrense oppover, **kan alle som vil vera med i musikkorpset begynna som aspirant, frå og med 1.-klasse.**

Det blir denne våren tatt opp to nye førsteklasingar til drillaspirantar. Slagverk-gruppa i korpset er så stor at det ikkje blir tatt opp trommeaspirantar til hausten. **Derfor gjeld denne påmeldinga berre messingaspirantar.**

Aspiranttida varierer i takt med utviklinga til aspiranten, men det vanlege er 2 år. Undervisninga er enten i grupper eller enkeltvis.

Aspirantundervisninga er gratis for eleven.

- *GITAR*

Eit populært instrument som er lett å ta med seg overalt. Undervisninga dreier seg stort sett om å spela etter **besifring - akkord-speling**. Ved hjelp av å lesa bokstav- og talsymbol, kan du akkompagnera deg sjølv og andre.

- *KEYBOARD*

Eit keyboard i musikkverdenen er ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar.

Viss du har - og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølvsagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Her lærer du m.a. å akkompagnera deg sjølv og andre ved hjelp av akkord-speling. Med bruk av rytmar og forskjellige lydar får du - også som nybegynnar - kjensla av å styra eit heilt orkester.

Eit keyboard med innebygd opptakar er også eit godt hjelpemiddel til å komponera, og **for interesserte elevar står både komponering,**

improvisasjon og musikk & data på timeplanen. Det blir jobba med å finna den programvaren som er best i opplæringssituasjonen når det gjeld musikk & data.

- *DRAMA*

Her lærer du å bruka dei kreative evnene dine både for deg sjølv og andre. **Vanlegvis jobbar me med eit skodespel mot ei framføring** - som t.d. i grunnskulen si juleavslutning. Musikkskulen har m.a. tidlegare oppført skodespela *Den sjuende mor i huset* og *Askepott på disco*.

- *KOR*

Me hadde frå 1986 til 1994 både barnekor, ungdomskor, damekor og blandakor i Bokn. Bokn barnekor var det største, og spreidde glede i bygda i 4 år.

Å syngja i kor gir ein spesiell fellesfølelse, og det gjer som regel eit sterkt inntrykk å sjå ein flokk som står og syng det same musikkstykket.

På påmeldingsskjemaet står ikkje type kor spesifisert, men interesserte kryssar av i ruta for **kor**. **Påmeldinga avgjer så kortype.**

- *LEIKARRING*

Leikarring både for barn og vaksne har gode tradisjonar i musikkskulen, og sist me hadde leikarring var i 1994.

Er det fleire som vil dansa i leikarring, prøver me å setja i gong kurs for nybegynnarar til hausten.

- PIANO

Det klassiske pianoet døyr ikkje ut sjølv om me har fått aldri så mykje synthesizerar, keyboards med data-tilkoplingar til den digitale verda. Interesse for å få klassisk piano-undervisning held seg stabilt, og me **kan rekna med at tilbodet også kjem til hausten.**

- POP-GRUPPE

Her er målet å gi elevane undervisning til dei kan starta opp eit band på eiga hand. Dei vanlegaste instrumenta her er **gitar, bass, keyboard, trommer og song.**

- SOLOSONG

Dette er for songfuglar som vil utvikla stemmen sin. Det ligg i namnet at du får undervisning i å syngja åleine. I undervisnings-situasjonen blir piano eller keyboard brukt, men i konsertsamanheng kan det bli aktuelt å syngja saman med større grupper, som t.d. korps.

- TVERRFLØYTE

Også eit tradisjonsrikt instrument i musikkskulen, som har hatt pause sidan 1993. Kommunen har ikkje janitsjarkorps, og tverrfløyteelevar får dessverre ikkje tilbod om å spela saman med andre i korps, men tverrfløyte blir mykje brukt i andre

samanhengar som t.d. musikkskule-grupper.

Påmeldingane blir **nummererte** etterkvart som dei kjem inn. Dette blir gjort i tilfelle **ventelister**. Det lønner seg å **vera tidleg ute** viss du vil sikra deg plass på noko. Aktivitetar i større grupper har sjølvsagt ikkje ventelister.

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan altså begynna. Dersom du lurar på om tida er moden for aktivitetsstart for ditt barn, skal me sjølvsagt prøva å hjelpa deg med dette.


HALVÅRSSATSAR:

Einetimar (30 min./veke)	kr. 800,-
Einetimar (22,5 min./v.)	kr. 600,-
Instrumentalgr. (90 min/v)	kr. 600,-
Kor, leik., drama (90 min/v)	kr. 450,-
Aspirantopplæring	kr. 450,-
Instrumentleige	kr. 210,-

30% syskenmoderasjon på den rimeligaste aktiviteten.

(Ei gruppe vil seia 2 eller fleire.)

Har du spørsmål om musikkskule-påmeldinga, tar du kontakt med Jardar på kulturkontoret.


Jardar Havikbotn
- rektor -

For påmelding, bruk skjemaet på neste side.

**BOKN KOMMUNE**

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

KLIPP UT

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 96/97

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

NAMN: 1. _____
2. _____
3. _____

AKTIVITET	1.	2.	3.
MESSINGASPIRANT TIL MUSIKKORPSET			
GITAR			
KEYBOARD			
DRAMA			
KOR			
LEIKARRING			
PIANO			
POP-GRUPPE			
SOLOSONG			
TVERRFLØYTE			

SØKNADSRIST: FREDAG 26. APRIL



KULTURMIDLAR 1996

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som mottok stønad i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema ved å kontakta Jardar på kulturkontoret.

Det blir også gitt oppstartingsstønad til dei som søker for fyrste gong. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 1.500,-

* Søkjarar må hugsa på å leggja ved avskrift av rekneskap for 1995 og budsjett for 1996 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

* Kulturmidlane det blir søkt om skal bakast inn i budsjettet for 1996, og det bør gå fram korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllest for å få stønad. Ev. spørsmål omkring søknadsutfyllinga kan rettast til Jardar.

Søknader som ikkje fyller dei krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane blir fordelt av driftsstyret 9. mai.

SØKNADSERIST: 26. april

- kulturleiaren -

ANNIE

Sundag 24. mars var Bokn musikkorps samt nokre musikkskuleelevar på musikalen *Annie* i konsertsalen ved Skeivang vid. skule. Denne populære familiemusikalen inngjekk i VK-96, ein konsertfestival som Musikklinja hadde 15. - 28. mars. VK-96 inneheldt eit svært varierende og fristande program, men valet for korpset med stor alderforskjell var nokså naturleg.

Forestillinga var imponerende god, og mange av dei 35 boknarane som var i salen var svært fascinert av det som både gjekk føre seg på scenen og i orkesteret. Den store spegleden til musikklinjeelevane smitta over på oss, og dei nesten tre timane forestillinga (inkl. pause) varte gjekk altfor fort. At også Ingri Are og Lillian Grønnestad var på scenen samt Marie Thuestad bak kulissane med ansvar for rekvisita og sminke gjorde det ikkje mindre spennande å vera blant publikum!

Etter forestillinga var det pizza og sosialt samvær på Dolly Dimple før bussen gjekk til Bokn igjen.

Ein stor takk til Odd Grønnestad for trygg transport!

- kulturleiaren -

LILLEGUTT-LAGET TIL NORWAY CUP

9-10 gutar frå Lillegutt-laget i Bokn skal til NORWAY-CUP i Oslo i slutten av juli. Cup'en varer ca. ei veke, og det blir spennande å sjå korleis det går. 3 leiarar skal vera med, og også nokre foreldre. Spelarane er rundt 11-12,13 års alderen. I Oslo skal dei bu på ein skule. Norway Cup er ei kjempestor mønstring av unge fotballspelarar frå mange land.

NYTT STYRE I BOKN NÆRINGSFORUM

Bokn Næringsforum valde på årsmøtet den 13.mars i år dette styret:

Sigmund Alvestad (formann) varamedl: Elisabeth Øvrebø
Svein I. Langhelle « Annbjørn Bokneberg
Steinar Øvrebø « Rune Øvrebø
Kari Christensen « Roger Aspen
Steinar Alvestad « Gunnar Bokneberg

Svein Ove Alvestad vart vald til revisor, medan styret sjølv skal velja varaformann og kasserar. Møtet vart halde på Sjøhuset i Alvestadkroken. Stein Alendal orienterte om betydninga av det regionale samarbeidet.

Under posten 'Eventuelt' var Skule/Næringslivsprosjektet presentert. Vidare vart det orientert om at styret i Næringsforumet to gonger i året skal ha felles møte med formannskap/tiltaksnemnd. Elles hadde Arne Øvrebø eit innlegg der han peika på saker som Kystsonoplan, Sentralt fiskeslakteri - ev. plassering i Bokn og vilkår som må tilfredsstillast, Gasskraftverk - og kva problem dette kan føra til for oppdrettsnæringa.

'VISDOMSORD

HJELPELAUS

Hjelpelaus er den som ikkje har nokon å hjelpe, og å vera god mot.
Jan Magnus Bruheim

VANSKELIG

Ingenting er så lett at det ikke kan bli vanskelig når det gjøres motvillig
Terents

TIDEN

De som bruker tiden dårlig, er de første til å klage over at den ikke strekker til.
La Bruyere

HAT

Jeg vil ikke tillate noe menneske å forkrøble og nedverdige min sjel ved å få meg til å hate ham.
Booker T. Washington

AUTORITET OG MAKT

En lærer bør ha maksimal autoritet og minimal makt
Thomas Szasz

MULIGHETER

Store muligheter er vanligvis forkledd som hardt arbeid, derfor vil de fleste mennesker ikke se dem.
Ann Landers



Bokn kommune KOMMUNALE AVGIFTER 1996

Bokn kommune har i møte den 9. des. 1995 og 12. mars 1996 vedteke fylgjande satsar (eks. meirverdiavgift):

VASSAVGIFT

Tilknytningsavgift:

Minsteavgift inntil
150 m² kr 15 500,-

Årsavgift:

Bustader: Minsteavg. for inntil
250 m³ forbruk kr 1200,-
Hytter: Minsteavgift for inntil
125 m³ forbruk kr 590,-

Nærare opplysningar om avgiftene kan ein få ved teknisk etat.

KLOAKKAVGIFT

Tilknytningsavgift:

Minsteavgift inntil
150 m² kr 15 500,-

Årsavgift:

Bustader: Minsteavg. for inntil
250 m³ avrenning kr 950,-
Hytter: Minsteavgift for inntil
125 m³ avrenning kr 470,-

SLAMAVGIFT

Årsavgift for bustader kr 440,-
Årsavgift for hytter kr 220,-

RENOVASJONSAVGIFT

Årsavgift for bustader kr 960,-
Årsavgift for hytter kr 550,-


OPPMÅLINGSAVGIFTER

Prisane er justert opp med 2% av 1995-gebyra.

Teknisk sjef

TORANESET RENOVASJONSSELSKAP

Endringar i renovasjonsrutene i påskehelga i april og helgedagane i mai



Rute torsdag 04.04.96 skjærtorsdag blir køyrd torsdag
11.04.96

Rute torsdag 16.05.96 Kr. h.fartsdag blir køyrd torsdag
23.05.96

Gjer merksam på at ein kan levera fleire «Toranesekker» om gongen

Toraneset har starta ein sorteringsstasjon på renovasjonsplassen

Åpningstider på renovasjonsplassen:

Måndag, tysdag, onsdag og fredag 08.00 - 15.00.
Torsdag 08.00 - 15.00. Laurdag, søndag og helgedagar
stengt

VÅROPPRYDDING 1996

I Bokn vert den såkalla våroppryddinga torsdag den 25. april 1996. grovavfallet må setjast saman med renovasjonssekken då denne innsamlinga foregår samstundes med den vanlege ruta. Grovavfall som blir sett fram etter at ruta er gått blir ikkje samla inn. Pass på at ingenting heng laust. Grovavfall kan t.d. vera kvitevarer, møblar, sykklar, osb. Avfall frå industri, forretningar, landbruk samt bildekk blir ikkje samla inn. Bildekk og bilbatteri skal leverast til forhandlarane.

Toraneset Renovasjonsselskap - tlf. 52 76 24 74 - fax 53 76 26 27



UTLYSINGAR

LÆRLINGEPLASS I OMSORGSARBEIDARFAG I BOKN KOMMUNE

Bogn kommune har i samarbeid med Rogaland fylkeskommune oppretta ein ekstraordinær lærlingeplass i omsorgsarbeidarfaget. Målgruppa er ungdom som har vanskar med å koma vidare i utdanning grunna ommlegging i utdanningssystemet.

Lærlingen vil fylgja reglar for lærlingeordninga under Reform 94. Det vil seia at ein for opptak som lærling set krav om 2 års relevant teoretisk utdanning.

Dei 2 fylgjande åra som lærling vil i vesentleg grad vera praksis i pleie- og omsorgstenesta i Bogn. Denne opplæringa vil fylgja 'Lov om fagopplæring i arbeidslivet'.

Etter fullført læretid avlegg ein fagprøven, og arbeidsforholdet i Bogn kommune opphøyrer.

Løn som lærling fylgjer opplegget for Reform 94. Den vert i fylgjande prosent/beløp av st.kode 6986 - Handverkar/fagarbeidar:

1. halvår: 30% - kr. 3.887,- pr. mnd.	2. halvår: 40% - kr. 5.183,- pr. mnd.
3. halvår: 50% - kr. 6.479,- pr. mnd.	4. halvår: 80% - kr. 10.367,-pr. mnd.

Har du grunnkurs i helse- og sosialfag og VK1 i omsorgsarbeidarfag etter Lov om vidaregåande opplæring, kan du søkja om opptak på denne læreplassen. Årets kull kan også søkja.

Ynskjer du nærare opplysningar om ordninga, kan du kontakta koordinator Gunn Grønnestad, tlf. 52 74 85 00.

AMBULANSESJÅFØR

Det er ledig deltidstilling som ambulansesjåfør i Bogn kommune. Tiltreding så snart som muleg. Det er også behov for ferieavlysning.

Stillinga er i turnus med bakvaktordning kvar 3. veke etter arbeidstid/natt og helg. Det er ynskjeleg med kurs i førstehjelp, og ein må kunna framskaffa helseattest for førarkort i klasse D. Det er ynskjeleg med ekstra kurs i ambulansekjøring. Søkjarar som ikkje har dette, må vera villige til å ta den opplæringa som er pålagt for stillinga. Vaktberedskap for Kyrkjebygd Vassverk er lagt til stillinga.

Nærare opplysningar om løn, arbeidstid m.v. vert gitt ved henv. til Bogn sosialkontor.

For begge stillingane gjeld:

Søknad vedlagt kopiar av vitnemål/praksis skal sendast til bogn kommune, 4290 Bogn innan 15. april 1996.

Rådmannen

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik
tlf. 52 74 85 00

Åpningstider:

onsdag og annankvar laurdag

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillingar
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

Ta gjerne direkte kontakt

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9 -11.30.

Elles etter avtale.

Marie Løvoll Faye
helsesøster

STASJONSVOGN TIL SALGS
Opel rekord 2.0 SLG . Servostyring,
sentrallås m.m. Veholdt.
TLF. 52 74 86 48

LEDIGE
FERIEVIKARIAT

Fleire ferievikariat er ledige i pleie- og omsorgstenesta sommaren 1996. Takontakt med pleie- og omsorgssjef Gunn Grønnestad for nærare informasjon om tidspunkt m.v.

Søknad kan sendast innan 20.april 1996 til Bokn kommune, Pleie- og omsorgstenesta, 4290 BOKN

TIL SALGS
Keyboard Technics KN 650
Nypris kr.12.000 - selges kr.5.500
Bilradio med CD-spiller type Pioner DEH 415 selges kr. 2.500
Henv. Hans Faye tlf 52 74 84 55

Snart er det konfirmasjon!

Jeg tar gjerne imot oppdrag med å lage blomsterdekorasjoner til festbord.

Stiller også opp med å gjøre det samme ved alle andre festlige anledninger.

Randi Syvertsen Are, blomsterdekoratør
tlf. 52 74 85 05



BOKN KOMMUNE
TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90
4290 BOKN

***Tilskot til reduksjon av bu-
tgifter for alders-/uføre-
og etterlattepensjonistar***

Alders-, uføre- og etterlattepensjonistar med ei bruttoinntekt inntil 30% over minstepensjon og med bugifter som overstig 15% av inntekta, kan for 1996 søkja om butilskot. Tilskotet er statsmidlar som helse- og sosialetaten får til disposisjon. Inntekter og utgifter må dokumenterast. Renteinntekter på bankinnskot pr. 31.12.95 må førast på. Søknadsskjemaet må vera utfylt så nøye som muleg, og skal underskrivast. Søkjarar som fekk bustonad i 1995 vil få tilsendt søknadsskjema. Nærare opplysningar om ordninga, hjelp til utfylling og søknadsskjema får ein ved å venda seg til Bokn sosialkontor.

Søknadsfrist: 15. mai 1996

Helse- og sosialsjefen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf.52 74 85 00
fax 52 74 86 90
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro
Reidun Grønnestad
REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-
Halv side: kr. 150,-
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 04.04: Santalmisjonen kl. 19.30 i
Bokn bedehus
- 13.og Blå Kors, Bokn bedehus
- 14.04: kl. 19.30
- 14.04: Sundagsskule kl.14 i
Gamleskulen
- 17.04: Bokn Hagelag/ Bokn bygde
utvikling - 19.30 i Allrommet:
Bjerg Skarsten: **Dyrking av
urter. Bruk av urter i mat
laging. Urter til medisinbruk**
- 19.04: Bokn KFUM/KFUK. Natta
mellom 19. og 20.vert det natt
patruljering for speidarane.
- 21.04: «Vårsleppet».Arr:Bokn Idr.lag
- 24.04: Sjøm.misj:Basar - Bokn skule

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Miljøvernleiaren i Bokn har
kontortid måndagar, tysdagar og
halv dag på onsdagar

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen



Langfredag

05.04 kl.11: Gudsteneste v/ Hans
Olav Westen. Nattverd.

1.Påskedag

07.04 kl.15: Høgtidsgudsteneste v/
Arne Aurdal. Offer til
Menighetsfakultetet.

21.04 kl.19: Samtalegudsteneste v/
Arne Aurdal. Offer til
Haugaland krets av K/M.

28.04 kl.11: Konfirmasjonsguds
teneste v/ Arne Aurdal.

Hjarteleg takk til alle som hugsa meg
på 85 års dagen min.

Helsing Tordis Våga

BOKN AROMATERAPI

*Myk opp vinterstive muskler og
unngå vårslapphet.*

*Unn deg en avslappende massage
med naturens egne velduftende oljer.
Aromaterapi- det beste du kan gi deg
selv og den du er glad i.*

*For mer informasjon /timeavtale
ring tlf. 52 74 83 39*

Velkommen - hilsen Eva